

Metoderapport for saka "Laserutlånet"

Ansvarlege journalistar:

Ståle Hansen, Håvard Grønli, Ingebjørg Berdal og Hege Moe Eriksen

Redaksjon:

NRK Dagsnytt og NRK Dagsrevyen
Bjørnstjerne Bjørnsons plass 1
0340 Oslo

Publisert:

NRK Dagsnytt og Dagsrevyen torsdag 26. oktober

Ansvarlege redaktører:

Per Anders Johansen og Grethe G. Johnsen
NRK Nyheter

Kontakt:

Håvard Grønli 92215419
Ståle Hansen 90592321
Ingebjørg Berdal 90616338
Hege Moe Eriksen 93613483
Per Anders Johansen 97540345
Grethe G. Johnsen 91692421

1 Samandrag av saka

20. mars 2003: Amerikanske og britiske soldatar kryssar grensa til Irak. Bagdad blir bomba. Den uunngåelege krigen er i gang.

I fleire månader har FN vore hovudarenaen for ein diplomatisk dragkamp om Irak. Men verdssamfunnet klarer ikkje samle seg om ein felles krig, og USA og Storbritannia fører an i eit angrep som fleire lands regjeringar er imot. Den norske regjeringa er blant dei som *ikkje* støttar krigen. Ho konkluderer med at krigen er folkerettsstridig.

Men ti dagar før invasjonen av Irak starta, vart laserlysings-utstyr frå det norske forsvaret sendt med eit fly frå Gardermoen til den amerikanske militærbasen Camp Doha i Kuwait. US Marine Corps var mottakar. Dei trenar med utstyret som blir brukt til å peike ut bombemål, og det blir teke med inn i Irak. Når det blir levert tilbake finst det splintskader på noko av utstyret. Regjeringa har godkjend at norsk offensivt utstyr blir lånt ut til krigsmakta.

Laser-utlånet har ikkje vore kjend før NRK Nyheter avslører det i oktober 2004. Saka fører til ein oppheita debatt...

2 Publiserte saker

26. oktober vart nyheita presentert. Vi har lagt ved hovud-sakene frå denne dagen. Følgande var toppar, titlar eller introduksjonar til sakene:

Dagsnytt 0630/0730/0830, og NRK Alltid Nyheter, morgonsendingane, 26/10:

- * Norge hjalp amerikanerne med viktig militærutstyr før Irak-invasjonen
- * Juridisk betent og hyklersk sier eksperter om Norges utlån av militærutstyr.

Timesnyheitene om morgonen, NRK1:

- * Norge lånte ut militært utstyr til amerikanerne rett før krigen i Irak. Det skjedde selv om regjeringen offisielt ikke støttet angrepet, viser dokumenter NRK har fått tilgang til. Blant annet norsk utstyr som blir brukt til å lede bomber til målet, ble sendt til krigsområdet.

NRK.no

- * Noreg ga USA militærhjelp

NRK Alltid Nyheter morgon/Dagsnytt 1000:

- * Norge hjalp amerikanerne med viktig militærutstyr før Irak-invasjonen
- * SV-leiar Kristin Halvorsen er uroa over desse opplysningane. No krev ho ei forklaring frå Statsministeren om saka.

NRK Alltid Nyheter føremiddag/Dagsnytt 1100:

- * Det var helt uproblematisk å låne ut viktig laserutstyr til de amerikanske styrkene i Midtøsten i fjor selv om Norge stilte seg mot krigen. Det sier utenriksminister Jan Petersen. Han mener Stortinget er godt kjent med dette prinsippet.

NRK Alltid Nyheter føremiddag/Dagsnytt 1200:

- * Flere av partiene på Stortinget vil ha en forklaring på HVORFOR Norge lånte ut militært utstyr til USA få dager før invasjonen av Irak.

Timesnyheitene, NRK 1 1200:

- * SV krever en redegjørelse fra statsminister Kjell Magne Bondevik etter at norsk militærutstyr som kan peile bombemål ble lånt ut til amerikanerne før Irak-krigen. Regjeringen informerte ikke Stortinget om hva slags offensivt utstyr som ble utlånt.

Dagsnytt 1230:

- * Opposisjonen på Stortinget krever redegjørelse for utlån av militærutstyr til USA.

Timesnyheitene NRK1, klokka 1600

- * Opposisjonen på Stortinget vil ha en forklaring på hvorfor Norge lånte ut militærutstyr som kan peile bombemål til amerikanerne, få dager før invasjonen av Irak. Regjeringen informerte ikke Stortinget om hva slags utstyr som ble utlånt.

Dagsrevyen, NRK1, 1900

- * Arbeidarpartiet og Framstegspartiet VAR orientert om utlån av våpenutstyr til krigen i Irak.

Dagsrevyen 21, NRK1, 2100

- * Sosialistisk Venstreparti reagerer på at bare deler av opposisjonen ble orientert om utlånet av avansert våpenutstyr til USA - like før krigen mot Irak. Det er kilder i regjeringen som opplyser til Dagsrevyen at Arbeiderpartiet og Fremskrittspartiet ble orientert.

Kveldsnytt, NRK1, 2300

- * Stortinget var orientert om at Norge sendte militært utstyr til allierte i NATO, før invasjonen i Irak. Det sier Arbeiderpartiets Jens Stoltenberg i kveld. Men Stortinget gav aldri grønt lys for overføring av militærutstyr som kunne brukes i krig, sier han.

3 Utgangspunkt og problemstillingar

3.1 Starten: Langsiktig jobbing og ei avgjerande kjelde

2004 var eit "annus horribilis" for Forsvaret. Skandalane har stått i kø, dei fleste av dei har vore knytta til den altomfattande omstillingsprosessen som etaten har gjennomgått sidan 2000. Dette er den største omstillinga nokonsinne i den norske staten. Difor har NRK følgd omstillinga nøye heilt frå starten. NRK Brennpunkt har til no laga fire program om tilstanden i Forsvaret, det siste i mai 2004. I dette programmet fortalde tidlegare forsvarsminister Eldbjørg Løwer om det ho omtalte som ei "konstitusjonell maktforskyving" – der delar av Forsvarets overkommando meinte at dei ikkje var underlagde Forsvarsdepartementet, men *sidestil*t med det politiske styringsapparatet. Etter programmet kom det inn ei rekke tips med bakgrunn i Løwers oppsiktsvekkande utsegn.

Tradisjonelt har Forsvaret vore tung materie å bruke journalistikk på. Sterkt hemmelegheild og høgt utvikla korpsand med tilhøyrande lojalitet har råda. Den siste tida har dette imidlertid endra seg merkbar. Sterke interne konflikter om vegvalg og styring herjar etaten i dag. Dette gjer det enklare for journalistar å få tak i viktig informasjon – men det reiser samtidig kjeldekritiske problem. Ein ganske stor del av den informasjonen som kjem frå forsvarskjelder i dag, er ein del av den interne maktkampen i etaten. Vi vil drøfte dette nærmare seinare i metoderapporten. Men sidan NRK i dette tilfellet hadde høve til å følgje omstillinga nøye over fleire år, ga det oss ein unik sjanse til å rekruttere kjelder som visste at vi var genuint interesserte i det som skjer i Forsvaret. Det gir også djupnekunnskap som gjer det litt lettare å avgjere kva for agendaer som ligg bak tips og informasjon.

Det første hintet om at norsk militærmatriell var utlånt til USA for bruk under angrepet på Irak, kom allereie på vårparten 2004 i samband med researchen til Brennpunkt-programmet om maktkampen i Forsvaret. Vi fekk informasjon om den hemmelege utlånsavtalen frå to uavhengige kjelder med forskjellig tilknytning og kontaktflate mot Forsvaret. På det tidspunktet var imidlertid informasjonen ganske vag – og det fanst ingen skriftleg dokumentasjon. Av erfaring veit vi kor vanskeleg det kan vere å få regjeringsapparatet til å innrøme noko utan å kunne slå konkret dokumentasjon i bordet. Dette var i tillegg eit så alvorleg spørsmål at vi ikkje ville basere oss på anonyme kjelder som hevda at eit slikt utlån av våpen hadde funne stad. Vi la difor saka "til observasjon" etter å ha gjort nokre enkle undersøkingar, blant anna om kva vi kunne finne ut om avgangar og landingar av militære fly.

Hausten 2004 kom så ei tredje kjelde på bana – og denne kjelda hadde atskilleg meir konkret materiale. For første gong fekk vi tilgang til skriftleg dokumentasjon. Vi har over lenger tid opparbeidd eit tillitsforhold til denne kjelda, noko som heilt sikkert var medverkande til at vi fekk dokument som framleis var graderte etter tryggingsinstruksen. For oss var dette heilt avgjerande – for første gong hadde vi fisk som var fast nok til å gå vidare med.

No visste vi følgande: Noreg hadde lånt ut våpenutstyr til USA før invasjonen av Irak. Utstyret – lasermålarar og laserlysarar – var sentralt offensivt våpenutstyr, og skulle ha blitt lånt ut til US Marine Corps ti dagar før invasjonen starta. Då utstyret vart levert tilbake, hadde minst eitt av utstyrs-setta splintskadar. Vi hadde altså ei svært brennbar og interessant sak mellom hendene. Men vi visste også at det var stor fare for at NRK

kunne miste saka dersom Brennpunkt skulle bruke fleire månader på ein TV-dokumentar. Vi hadde mellom anna grunn til å tru at andre redaksjonar også snuste i dette. Dermed vart det teke ei avgjerd om å involvere NRK Nyheter, og i eit fruktbart samarbeid mellom NRK Dagsnytt, NRK Dagsrevyen og NRK Brennpunkt vart saka om laser-utlånet til.

3.2 Problemstillingar

Målet frå start til slutt var å finne ut og fortelje mest mogleg om sjølve utlånet. Kva vart lånt ut? Kvar kom det frå? Kven tok imot? Kva vart det brukt til? Har utstyret vore i krigen? Samtidig var vi klare over at fokuset måtte vere på det politiske. Det er vanleg at Noreg låner ut våpen og militært utstyr til våre allierte. Og det har vore mediehistorier om norsk våpeneksport og utlån av militært elektronisk utstyr i samband med Irak-krigen. Men eksport frå norske firma og utlån av jamme-utstyr er *ein* ting; er det ikkje *meir* problematisk at det blir teke ei politisk avgjerd om å låne ut offensivt våpenutstyr når vi utad har sagt at vi ikkje støttar ein invasjon?

I starten spurde vi oss dessutan om utlånet var politisk klarert slik det burde vere. Sentrale kjelder meinte at Forsvarsdepartementet/Forsvaret her kunne ha handla på eiga hand utan at Utanriksdepartementet eller Regjeringa elles kjende til utlånet. Dette viste seg å ikkje stemme, og dette sporet vart lagt bort då vi kom i kontakt med Regjeringa. Den dagen saka vart gjort kjend, kom mykje til å dreie seg om kva Stortinget visste og ikkje.

4 Research

4.1 Dokumentasjon

Dette var ei sak som er heilt avhengig av dokumentasjon. Brennpunkt-redaksjonen hadde altså framskaffa noko dokumentasjon etter å ha fått dei første opplysningane munnleg. Dei skriftlege kopiane vi fekk, stadfesta at det var gjeve ordrar i Forsvaret om å klargjere laserlysingsutstyr av merket Litton for utlån. Klargjeringa skulle skje innan 15. februar 2003. Det framgjekk at mottakar skulle vere US Marine Corps, og at dette skulle skje i samband med konflikten som var under oppsegling i Irak. I dokumenta står det å lese at Forsvarets Overkommando ikkje vil gjennomføre eit utlån før etter at Irak-krisa er behandla i tryggingrådet i FN, "samt at politiske føringer nasjonalt får for en støtte til amerikanerne". Det ser altså ut som det har vore eit uttrykt vilkår frå høgste hald i Forsvaret at utstyret ikkje skulle lånast ut utan at FN godkjende ein invasjon og at Noreg støtta dette. Men det er uklart kven som formulerer dette som ein føresetnad.

4.2 Vidare kjeldearbeid, skjulte kjelder

Frå og med torsdag 21. oktober er dette eit fellesprosjekt mellom dei nevnte redaksjonane, og vi startar eit meir utstrakt kjeldearbeid. Målet er å få tak i folk som kan stadfeste det vi er temmeleg sikre på har funne stad. Det er viktig for oss å få stadfesta autensiteten av dokumentasjonen vår. Problemet i arbeidet som ligg framfor oss er at vi må gå forsiktig fram for ikkje å avsløre kvar vi har fått dokument frå. Det er mange vi *kan* snakke med no, men det er ikkje alle det vil vere *lurt* å snakke med. Eitt eksempel: Vi har dokument der det kjem fram namn på folk som har hatt med utlånet å gjere. Men viss vi ringer desse, kan det bli sannsynleggjort for dei korleis vi har fått tak i namnet deira. Målet blir difor å få stadfesta det vi veit på ein måte der kjeldevernet blir godt ivareteke. Kjeldearbeidet blir difor meir prega av djupne enn av breidde. Dei få kjeldene vi til slutt sit med i denne saka, snakkar vi svært grundig med.

"Dette dokumentet har eg sett før" er ein viktig beskjed som vi får frå ei truverdig kjelde. Autensiteten av det vi sit på blir stadfesta, og historia verkar vere styrka. Vi får undervegs også vite fleire detaljar rundt utlånet som ikkje framgår av den dokumentasjonen vi har så langt. Dette er detaljar som at utstyret kjem frå artilleriet og kystjegerkommandoen, at det skulle til Kuwait, at det var 25 sett med utstyr og at det vart mellomagra på Nato-lageret på Dal før det vart sendt til Midtausten.

Ein viktig metode i denne fasen er å stille spørsmål vi meiner å vite svaret på. Metoden gir oss dei stadfestingane vi treng når vi får dei same detaljane frå forskjellige kjelder, for eksempel får vi på denne måten stadfesta at Kuwait var destinasjonen, at det var 25 utstys-sett og at eitt av setta hadde splintskadar. Det er likevel ei utfordring å "krysspeile" alle opplysningar skikkeleg fordi ikkje alle vi snakkar med er førstehandskjelder. Dei har gjerne opplysningar frå andre igjen, og då blir det viktige spørsmålet: Kjem all informasjon frå den same kjelda? Etter fleire samtalerundar med ulike kjelder, blir det klart for oss at det er fleire kjelder som har førstehandskjennskap til dette. Blant anna blir dette klart for oss fordi dei kjenner forskjellige detaljar, men der dei har felles kunnskap, fortel dei oss om det same. Om nokre få detaljar er informasjonen ulik. Då må vi gå ein del oppklaringsrundar for å finne ut kva kjeldene faktisk veit heilt sikkert og ikkje. Dei opplysningane vi ikkje får eit eintydig svar på, går vi ikkje ut med.

4.3 Opne kjelder/utarbeiding av sakene

I løpet av helga 23. og 24. oktober blir vi overtydde om at det vi trur har skjedd, er korrekt. Vi veit nok til å kunne byrje å finne tak i opne kjelder. For å fortelje denne historia treng vi nokon som kan forklare kva dette utstyret er og korleis det blir brukt. Gjennom

ein person som har fortid i Forsvaret og peiling på teknologi, finn vi fram til relevante firma som har peiling på utstyret. Vi kontaktar Erik Ellingsæter i firmaet Simrad Optronics og han er positiv til å prate med oss om slikt utstyr. Vi gjer ein avtale om å intervju han, og Dagsrevyen gjer dette mandag 25. oktober. Vi ventar med dei politiske kontaktene til mandag slik at saka ikkje skal byrje å sive ut før vi er klare til publisering.

4.4 Den siste viktige dokumentasjonen

Vi er overtydde om at utlånet har funne stad. Fleire munnlege kjelder stadfestar dette. Men med skriftleg dokumentasjon kan vi førebels ikkje bevise anna enn at utstyret er *klargjort* for utlån. Vi gjer det klart overfor dei vi har kontakt med at vi treng dokumentasjon på at utlånet faktisk vart gjennomført. Dette får vi mandag 25. oktober. Det er ingen tvil om at den avgjerande dokumentasjonen er korrekt, men vi brukar han aldri i sakene vi lagar. Det er berre eit trumfkort vi treng i bakhand dersom nokon skulle trekke opplysningane våre i tvil. Og det fungerer til å fjerne vår siste vesle rest av tvil.

4.5 Fleire opne kjelder

I løpet av mandagen gjer vi dessutan dei første politiske kontaktane. Vi har i utgangspunktet kontakt med Forsvarsdepartementet ettersom vår dokumentasjon seier noko om dei ordrane som gjekk frå FD til Forsvaret. Men FD meiner det er Utanriksdepartementet som må svare på spørsmål om utlån til andre land, noko vi for så vidt ikkje har problem med å akseptere. Vi gjer avtale med intervju av pressetalsmann Karsten Klepsvik mandag ettermiddag. Han stadfestar i intervjuet at utlånet har funne stad.

Vi gjer vidare eit intervju med Asbjørn Eide, seniorforskar ved Senter for menneskerettigheter. Han fungerer som ein kommentator som seier at her er det ikkje samsvar mellom ord og handling. Det same synspunktet har NUPI-forskar Ståle Ulriksen, som vi også intervjuar.

Vi brukar dessutan mandagen til å finne fram arkivstoff som seier kva den norske regjeringa hadde sagt om krigen like før han braut ut. Det er interessant å finne i våre eigne arkiv at Utanriksdepartementet sin pressetalsmann ved eit tidlegare høve – 31. januar 2003 – har kommentert ein forespurnad frå USA om hjelp med materiell og personell. Den gongen sa han til NRK at Noreg ikkje ville gje slik støtte før FN hadde behandla spørsmålet. Mandag 25. oktober 2004 omtalar han eit liknande utlån som uproblematisk.

5 Kjeldekritiske og etiske vurderingar

5.1 Dokumentasjonen

Denne saka er ingenting utan dokumentasjon. Den første dokumentasjonen vi har om klargjering er delvis sladda, og vi kan ikkje spore oss tilbake til kva for ein person det opprinneleg stammar frå. Enkelte sentrale opplysningar er også sladda. Det vi har fått er kopiar av dokument, og sjølv om ingenting tyder på det, må vi halde moglegheitene opne for at det KAN vere falskt. Men dokumenta er graderte, og dei som har lekka dei har gjort noko risikabelt. Dette er kjeldene klare over, og det styrkar trua på at dette er reelt. Dokumenta kjem dessutan frå kjelder som vi har pleid gjennom tid, og vi veit at dei er truverdige. Vi får etterkvart stadfesta av ei uavhengig kjelde at dei to dokumenta vi har er reelle (omtalt i punkt 4.2 også). Det siste dokumentet vi får, skil seg frå dei to første på den måten at her er det stempel og underskrifter som gjer at det er langt lettare å etterprøve opplysningane der.

5.2 Kjeldene sin motivasjon

Vi opplever kjeldene sin motivasjon som delt. Som vi tidlegare har vore inne på, er det kjend i mange redaksjonar at det er lett å lage saker om Forsvaret for tida fordi det er stor misnøye med omstillinga og den politiske leiinga, og særleg forsvarsminister Kristin Krohn Devold. Dette spelar utvilsomt inn i denne saka også. Kjeldene, iallfall nokon av dei, uttrykker direkte misnøye med leiarskapen, og ønskjer at flasketuten skal peike på forsvarsministeren når det blir avdekka noko dei meiner er kritikkverdig.

Samtidig blir det uttrykt eit ønskje om at det skal vere ein god politisk kontroll med det som skjer i Forsvaret. Kjeldene har ei oppfatning av at ting ikkje har skjedd slik det skal ved dette utlånet, og dei ønskjer at det skal bli kjend. Kva som tel mest av dei påstått ideelle og dei reint makt-politiske motiva, er vanskeleg å vurdere, men at nokon ønskjer å drive maktspele, er det for så vidt ikkje tvil om.

No viser det seg etterkvart i prosessen at dette *ikkje* har vore noko solo-løp frå Forsvarsdepartementet si side, slik nokre av kjeldene trur. Vi meiner det ikkje forandrar saka og at den politiske debatten rundt utlånet til ein krig Noreg er imot, fortsatt er like interessant.

Dei munnlege kjeldene vi har, sit i posisjonar som gjer at vi festar lit til det dei fortel oss. Dei risikerer noko med å snakke med oss. Gjennom å stille spørsmål vi kjenner svaret på og å dobbeltsjekke opplysningar opp mot dei ulike kjeldene, får vi også stadfesta at opplysningane vi har frå kjeldene våre er korrekte.

5.3 Andre etiske vurderingar

Vi sit med gradert informasjon. Skal vi publisere opplysningane? Dette er eit viktig spørsmål vi stiller oss undervegs i prosessen.

Dokumenta vi har, er graderte som "begrensa", det lågaste nivået av gradering (det same som telefonkatalogen i Forsvaret). Vi ser fleire argument for at det ikkje er spesiell fare ved å gå ut med opplysningane. Utlånet er avslutta. Laserlysarane er tilbake i Noreg, og det er ikkje noko norsk militært personell som oppheld seg saman med utstyret i eit konfliktområde. Slik sett er verken utstyr eller personell truga av at vi går ut med denne saka.

Men kan norske militære eller andre nordmenn bli indirekte truga av at dette blir kjend? Ei av kjeldene våre seier at den viktigaste vurderinga hans/hennar er følgjande: Gjennom at denne historia blir kjend, blir Noreg endå meir knytta til krigen mot Irak. Det kan gjere Noreg til eit ynda terrormål for muslimske ekstremistar, og dermed kan opplysningane utgjere ein fare for nordmenn. Spørsmålet blir diskutert med kjelder

og internt. Vi vurderer det slik at Noreg allereie er knytta såpass sterkt til denne krigen (USA reknar oss med i koalisjonen sin og vi er nevnt som terrormål av Al Qaida), at saka ikkje vil utgjere den store skilnaden sett utanfrå. Vi meiner den lave graderinga også er eit argument for dette.

Dei som har bidrege til å forsyne oss med dokument, har gjort noko straffbart, og kan bli etterforska. Skal vi bidra til å auke den faren for desse personane? Dette er ein sjanse dei sjølv har teke. Dei er fullt klar over kva dei har gjort og kva som er risikoen med det, dei har gjort det med det målet for auge at denne informasjonen skal kome ut. Vurderinga blir dermed at det ikkje er vi som tek denne risikoen på vegne av andre, og dermed blir dette ikkje noko sentralt motargument for oss.

5.4. Motstrategiar

I saker av så store dimensjonar som dette, er det ikke uvanleg at dei ansvarlege tar i bruk motstrategiar for å stoppe eller dempe verknadene av pressa si omtale. Det skjedde også i denne saka.

I dei første kontaktene blei vi konfronterte med at dette var ei gamal sak, som VG hadde sjekka ut. Mykje tydar på at også Norges største avisredaksjon jobba med denne saka, men lot vere å publisere informasjonen. Vi kan ikke gjere greie for kvifor VG gjorde det valet. Etter vår meining var det viktig at opplysningane om at Norge sende våpenutstyr til Irak blei offentleg kjend. I ein leiarartikkel i avisa skreiv redaktøren at utlånet ikkje var noko problem.

Uansett er det verd å merke seg at dei redaksjonelle prioriteringane i VG – som vi meiner var feilaktige – blei brukt som eit argument for å få journalistar til å leggje saka død.

NRK tok i bruk fleire metodar for å verne kjeldene. Vi kunne ikkje utelukka at visse telefonar vart avlytta. Derfor lot vi vera å utveksle visse typar informasjon på telefon.

Frå utanriksdepartementet si side vart saka møtt med argument om at dette var ei heilt uproblematisk og vanleg utlånssak. Det vart ein konflikt mellom NRK og UD fordi NRK gjorde ei sak av noko som "ikkje var ei sak". Departementet meinte NRK blåste dette opp og ga det altfor stor plass i altfor mange sendingar i forhold til kva saka dreide seg om.

UD sin pressetalsmann Karsten Klepsvik var dessutan svært misnøgd med at vi ikkje brukte dei delane av intervjuet der han understrekar at han ikkje vil kommentere dette enkeltutlånet. Stemninga mellom departementet og NRK var med andre ord ikkje særleg god i dagane etter reportasjen

6 Ressursbruk

Saka om laserutlånet er eit resultat av Brennpunkt si langvarige jobbing med Forsvaret, slik sett er det vanskeleg å setje opp ein rekneskap over tidsbruken. Sjølv hovudarbeidet som førte fram til dei endelege reportasjane skjedde i ein kort, men svært intens arbeidsperiode. Samarbeidet mellom redaksjonane starta for alvor ein fredag og saka vart publisert påfølgande tysdag. Håvard Grønli i Dagsnytt jobba fredag til søndag oppsett arbeidstid pluss ein del timar ekstra, mens Ingebjørg Berdal i Dagsrevyen jobba laurdag og søndag. Ståle Hansen i Brennpunkt var inne og hjalp dei to og jobba mot sine kjelder gjennom heile helga. Mandag var det fullt trykk frå morgon til svært seint på kveld for alle dei nevnte medarbeidarane. Då kom også Dagsnytt Hege Moe Eriksen med, og vi fekk hjelp frå politisk avdeling i NRK med å gjere sonderingar og å førebu intervju og kommentarar. Vi fekk også hjelp av NRK sin Dagsnyttmedarbeidar i Tromsø og ein fotograf til å filme laserutstyr i artillerileiren på Setermoen.

7 Konsekvensar

Uansett kor sikker ein er på at alt ein publiserer er korrekt: Det er alltid med ei viss spenning ein vaknar for å lytte til radio og sjå TV når ein har ei viktig sak på lufta. Korleis vil historia tole møtet med røyndomen? Denne saka fekk umiddelbart stor mediemerksemd og politisk merksemd. Allereie før morgonmøta på Marienlyst var saka sitert på over 50 nettstader. Ingen hevdar at noko av det vi presenterer ikkje er korrekt. (Det viser seg etterkvart at det er ein detaljfeil i saka: Flyet som tok utstyret frå Gardermoen var amerikansk, ikkje norsk. Men det forandrar ingenting på innhaldet i saka.)

Alle dei store avisene følgjer opp saka, "Forsvarssjefen trodde at Stortinget ga klarsignal" er berre eitt eksempel på oppfølging frå dei andre media (Aftenposten dagen etter). Saka pregar debattprogramma i etermedia: "Var det riktig å låne bort utstyret?" spør Standpunkt på NRK1 tysdag 26. oktober.

På veg inn i Stortinget tysdag føremiddag – like etter at saka er blitt kjend - blir utanriksminister Jan Petersen overfalt av ei samla presse for å svare på spørsmål om utlånet.

Utlånet blir også tema inne i salen når Stortinget skal diskutere NATO. Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti stiller utanriksministeren spørsmål om temaet. Dagen etter må Kjell Magne Bondevik svare for seg i den munnlege spørjetimen i Stortinget.

Forslaget om eit eige kontrollorgan for våpeneksport blir henta fram av opposisjonen i spørjetimen, og statsministeren seier han er open for å vurdere nye ordningar for informasjonsflyten mellom Regjeringa og Stortinget i slike spørsmål.

8 Oppsummering

Saka om laserutlånet sette dagsorden for samfunnsdebatten. Det vart ein engasjerande diskusjon på mange plan. Det dreide seg om forholdet mellom ord og handling, forholdet mellom politikarar og folket, forholdet mellom Stortinget og Regjeringa, forholdet mellom Noreg og USA. På ein måte dreide det seg også om forholdet mellom fortid og notid: Utlån av slikt utstyr er uproblematisk, og bygger på ein lang tradisjon mellom Noreg og våre allierte, meinte utanriksministeren. Men dette var ein ny situasjon, med ein krig som var meir omstridd enn nokon gong før, ein krig som splitta alliansar. Dermed vart dette ei anna sak enn eit vanleg utlån til ein alliert.

Ein anna grunn til at saka engasjerte, var at den avslørte noko som var annleis enn mange trudde. Sjølv om utlånspolitikken fleire gonger har vore tema i Stortinget, var vårt inntrykk at publikum var overraska over at dette hadde skjedd. Og strengt tatt var vi vel litt overraska sjølve også...

Saka om laserutlånet viser kor avgjerande skriftleg dokumentasjon kan vere. Samtidig viser ho at det kan vere vanskeleg å ha slikt materiale mellom hendene og at ein må vere svært varsam når ein brukar slikt materiale som utgangspunkt.

Metodisk er dette følgeleg ikkje ei sak som ruvar i breidda. Ho er ikkje kome til overflata på grunn av samtalar med dusinvis av kjelder. Men det er det altså gode grunnar til. Det er ei avgrensa mengde folk som hadde kjennskap til det som hende. Vi må rekne med at det var eit fåtal av dei som hadde interesse av å fortelje NRK om hendingane. Mange av dei som visste, vil nok vere usamd i at ein burde lekke dokument til media. Difor vart varsemd ei viktig journalistisk rettesnor i arbeidet med denne saka, vi måtte gå fram forsiktig for ikkje å avsløre nokon. Mange av dei opplysningane journalistane etterkvart sat med, kunne ikkje nevast i saker eller for andre. Det ville bli for gjennomsiiktig, og risikoen for kjeldene ville vere for høg.